



FINNØY KOMMUNE
Næring- miljø og teknikk (NMT-etaten)

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep.

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2010/67-39	Doknr.:
Mottatt: 28 APR 2010	
Saksbeh.: ASR/SEB	Ark.: 410
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref.: 201000067- Vår ref.: 10/262-3
/IAA


Arkiv: K2-V30

Dato: 23.04.2010

HØYRING - FORSLAG OM ENDRING AV FØRESEGN OM NYDYR KING.

Vi viser til høyringsbrev datert 17.02.2010.
Forvaltningsstyre i Finnøy kommune sin uttale er vedlagt.

Med helsing


Magne Fjeld
jordbrukssjef

Vedlegg: Saksutgreiing

Finnøy Kommune
Næring- miljø og teknikk (NMT-etaten)
4160 Finnøy

Tlf.: 51 71 47 00
Dir.: 51714795
Faks: 51714701

Bankgiro: 3347 07 00195
Org.nummer: 938633029
E-post: post@finnoy.kommune.no
Heimeside: www.finnoy.no

MOTTAKER

Ant.poster: 3

Kode	Navn	Adresse	Postnr	Poststed	Referanse	UI	Skjul	Adr	Lds
FMLA	Landbruks- og Matdepartementet	Postboks 8007 Dep.	0030	OSLO	201000067- /IAA	0			0
FMMI	Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER		0	0		0
FMMI	Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER		0			0
	Miljøvernnavd.								

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Forvaltningsstyret	21.04.2010	043/10	MAF

Saksansvarleg Magne Fjeld	Arkiv: K2-V30 Objekt:	Arkivsaknr 10/262
-------------------------------------	--	-----------------------------

FORSLAG OM ENDRING AV FORSKRIFT OM NYDYR KING - DYR KING AV MYR.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	17.02.2010	Landbruks- og Matdepartementet	HØYRING - FORSLAG OM ENDRING AV FORSKRIFT OM NYDYR KING - DYR KING AV MYR.

Landbruks- og Matdepartementet har sendt på høyring forslag om endring av nydyrkingsforskrifta (FOR-1994-05-02-423). Endringsforslaget legg opp til å ta inn omsynet til kva nydyrking har å sei for klimaet, i tillegg til omsynet til miljøverdier som biologisk mangfald, kulturminnar, og landskapsbildet. Det vesentlegaste endringsforslaget er føreslått tatt inn som ny §6 første ledd:

Nydyrking kan ikke tillates på myr. Med myr menes areal større enn 2 dekar med myrvegetasjon og med minst 30 cm tjukt torvlag. Definisjonen som ligger til grunn for økonomisk kartverk skal legges til grunn ved avgrensinga.

Klimautfordringane – landbruket ei del av løysinga.

St.meld.nr.39 (2008-2009) "Klimautfordringane- landbruket en del av løsningen", gir ei brei omtale av klimautfordringane for landbruket. Eit av tema som blir drøfta i meldinga er karbon i jorda. Karboninnhaldet i jorda er bestemt av tilførsel og nedbryting av organisk materiale i jord. Klima påverkar karboninnhaldet i jorda. Temperatur og fukt verkar både på produksjon og nedbryting av organisk materiale. Ved liten nedbryting av organisk materiale vil mengde karbon i jorda auke. Her er myr typisk. Torvlaget er opphoping av organisk materiale, og eit karbonlager. Ved tørrlegging og dyrking av myr, vil nedbrytinga av det organiske materialet auka, og resultere i frigjeving av CO₂.

Endringsforslaget.

§1 formål:

I tillegg til dei omsyna som skal vurderast ved godkjenning av planar for nydyrking er det gjort framlegg om å vurdere følgjer for klimaet.

§3 første ledd:

Det er gjort framlegg om å utvide nemninga nydyrking til òg å gjelde areal som på grunn av manglande vedlikehald av dreneringa må karakteriserast som myr.

§5 første ledd:

Det er gjort framlegg om at det med i vurderinga skal tas særlig omsyn til om tiltaket kan medføre klimagassutslipp.

§6 nytt første ledd:

Det er gjort framlegg om nytt første ledd som slår fast at nydyrking av myr ikkje vert tillate.

§9 første ledd:

Det er gjort framlegg om å ta inn risikoen for auka klimagassutslipp ved vurdering av omsynet til natur- og kulturlandskapsverdiar for eit større område.

Nåsituasjonen.

I Finnøy kommune er det Finnøy sin del av Ombo som har dyrkingsressursar av dyrkbar myr. Av om lag 320 dekar myr, ligg om lag 200 dekar tett inntil anna jordbruksareal.

Vurdering:

Jordvernet skal styrkast. Det er eit mål å redusere omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord til anna føremål enn jordbruk. Likeeins er det føreslått å innføre vernereglar i jordlova som har som mål å sikra eit betre vern om den dyrka jorda. I kommunen sin uttale til St.meld.nr.19 (1999-2000) "Om norsk landbruk og matproduksjon", er det lagt vekt på landbruket sitt ansvar for sikker matforsyning. Dette krev eit sterkt vern om landbruket sine produksjonsareal, og forutsigbare økonomiske rammer for dei som har arbeid og utkomme sitt i landbruket. I ei tid med ein sterk vekst i befolkninga, er det eit ekstra krav om å oppretthalde produksjonsareala, ikkje bare globalt og nasjonalt, men òg lokalt. I eit slik perspektiv vil det etter administrasjonen si vurdering vere feil å hindre oppdyrking av nytt land for matproduksjon, ved å forby oppdyrking av myr.

Landbruket har eit ansvar om miljørett produksjon, og likeeins ein produksjon som tek sikte på å redusere utslepp av klimagassar. All biologisk aktivitet på jordoverflata vil påverke innhaldet av klimagassar i atmosfæren. Oppdyrking/tørrelgging av myr vil kunne frigjere CO₂ som er lagra i torva. I vår kommune vil mesteparten av den dyrka jorda nyttast til grasproduksjon. St.meld.nr.39 "Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen" gir ikkje noe sikkert svar på kva klimautfordringar som er knytta til jordbruksjord. Karbonlageret i jordbruksjorda i Norge er truleg relativt stort som følgje av eit kjølig og fuktig klima. Om norsk eng- og beiteareal lagrar, slepp ut, eller er i likevekt, er usikkert på grunn av manglande data. Enkelte studium i andre land viser stor lagringseffekt, men det er usikkert om dette direkte kan overførast til norske forhold.

Det er stor usikkerhet i estimeringen av CO₂-utslipp og lystgassutslipp fra dyrket organisk jord. Beregningsmetodene og utslippsfaktorene bør forbedres. Det vil også være aktuelt å foreta undersøkelser som gir data for å vurdere om eng (grasarealer) og beitearealer på mineraljord binder eller slipper ut karbon i forhold til naturtilstand uten jordbrukspåvirkning. Det er videre aktuelt å foreta undersøkelser som gir grunnlag for en vurdering av hvordan karbonlagret i norsk dyrket mark utvikler seg.

Som det går fram av sitat frå meldinga er det stor usikkerheit knytta til karbonrekneskapen i det norske jordbrukslandskapet. Ut frå dette meiner administrasjonen at oppgåva med å produsera sikker mat må vega tyngst i spørsmålet, for eller imot dyrking av myr.

Administrasjonen er samd i at omsynet til følgjer for klimaet skal vere ein del av vurderingskriteria ved behandling av søknader om løyve til nydyrking, men ikkje samd i at det vert innført eit forbod mot nydyrking av myr.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Forvaltningsstyre viser til administrasjonen si utgreiing og vurdering av framlegg til endring av nydyrkingsforskrifta, og vil gi slik uttale til forslag om endring i FOR-1997-05-02-423 – Forskrift om nydyrking.

1. § 1. (formål). Ingen merknad.
2. § 3. Oppattgrøfting av vass-sjuk jord vert ikkje sett på som nydyrking.
3. § 5 Ingen merknad.
4. § 6 Nytt første ledd vert ikkje tatt inn i forskrifta.
5. § 9 Ingen merknad.

FOR-043/10 VEDTAK 21.04.2010:

Samrøystes som framlegget frå administrasjonen.